

TEMA: Kirke og kloster ①52,
Folkekunsten og bygdehandverket ①127

Hosanger

MJØSVÅGEN

Kring MJØSVÅGEN ligg det enno eit tett sjøbruksmiljø. Nokre av bygningane er vanlege naust, men dei fleste har rom til små næringsverksemdar og verkstader. Her har bøndene på Øvsthus, Mjøs, Hole og andre gardar skaffa seg kjærkomne ekstraintekter som smedar, gjørtlarar, treskomakarar, kistesnikkarar og rosemålarar.

Det var kring 1865 at dei tok til med å arbeida kister for sal til kjellarhandlarane i Bergen. JON LARSSON BØRNESET MJØS (1825-1913) var eigentleg smed, men han bygde seg hus i Mjøs-vågen og starta opp med kisteproduksjon. Han gjorde det godt og bygde nytt hus, med eitt rom for snikring og eitt for beslag og måling. Etter kvart voks det fram fem kisteverkstader i Mjøs-vågen. Mellom dei yngre var LARS L. MJØS kjend for å vera ein dugande målar. Brørne FUSE og HALLDOR HOLE hadde faste leveransar til kjøpmann OLE BRATLAND i Blauw-hopen ved Muren i Bergen. Også i Lonevåg var det stor produksjon av ostrakister, og då det minka med avsetnaden på rosemåla kister kring hundreårsskiftet, la dei om til reisekoffertar med bogne lok; «amerikakoffertar» vart dei gjerne kalla.

Lenger oppe ved Hole-elva heldt messingstøyparane, gjørtlarane, til – ein annan halvindustriell handverksspesialitet. Den gamle smia ved Hole-elva dreiv med støyping i opne former heilt fram til 1970-åra. Inst i Mjøs-vågen kom det etter kvart mekaniske verksemdar, som framleis er i full drift.



Ostrakistene er lett kjennelege i sin karakteristiske stil.

1. juledag 1795, kl. 5 om morgonen, slo lynet ned i kyrkja i HOSANGER. Etter tre timar var tømmerkyrkja frå 1600-talet, som hadde avløyrt stavkyrkja frå mellomalderen, lagd i oske. Alt nyårsdag 1796 vart det halde gudsteneste for Hosangerfolket i fjordungskyrkja på Hamre, som dei tidlegare høyrde til.



Hosanger kyrkje er nemnd første gong i 1319. I 1329 var AUDFINN, bisp i Bergen, på visitas og skriv til presten i Hamarr, SIRA PETER, om ein ekstra kyrkjeskatt: GEIRSTADIR og HOSANGR skulle svara ei halv mark sølv. Hosanger og Gjerstad var då eitt sokn, men etter svartedauden vart Gjerstad sokn lagt til Haus prestegjeld og Hosanger til Hamre, saman med Modalen. I 1749 vart Hosanger skilt ut som eige prestegjeld (③325).

Ved kyrkjeettersynet i 1686 går det fram at Hosanger var ei tømmerkyrkje med tilbygt tårn framfor vestgavlen; måla innvendig og «vel flid». Utvendig trong ho vøling; sutak, kjøl og vindskier av «... nye hugne bord», ... «alt brædis» (med tjøre). Det var denne kyrkja som brann i 1795.

Den nye kyrkja vart bygd med vegger i gråstein; «... i Grunden 2 1/2 Alen og i Tøppen 1 1/2 Alen tyk». Kostnadsoverlaget rekna med m.a. «5 Tylfter Spær» og «7000 Tagsteen». Heile kyrkja var kost-

nadsrekna til 4338 rdl. Kvar gardbrukar skulle yta 8 rdl. Det var tungt for mange småbønder; for einskilde tok det over 10 år å greia sin del.

Stiftsprost JOHAN NORDAHL BRUN vigsla kyrkja 18. oktober 1796, og den elles litt surmaga biskop CLAUS PAVELS skriv under visitasen i 1821: «Hosanger kirke er dog den smukkeste paa landet i Bergen, lys, bequem indrettet, med Orden og Symmetrie, malet med Smag, uden gloende Farver».

I 1865 fekk kyrkja eit tilbygg, etter at Stortinget i 1851 vedtok ei lov om storleiken på kyrkjer og kyrkjegardar i høve til folketalet. □

Messingstøyping (gjørtling) har lange tradisjonar i Mjøs-vågen. Jubileumsmedaljongane til Grieg-jubileet i 1993 vart støypte her.



KRAFTVERKET VED HERLANDSFOSSEN



Som ein katedral med romanske rundbogar og tosoksk gotikk ligg den velbygde kraftstasjonen ved HERLANDSFOSSEN ovanfor Fotlandsvåg, omhugsamt forblenda med fuga naturstein; eit elegant eksempel på den medvitne symbolarkitekturen i industribygg på det tidlege 1900-talet. I 1919 vart stasjonen sett i drift; eit dristig og framsynt tiltak av dei tre kommunane Hamre, Haus og Hosanger. Problemfri vart ikkje drifta, reint økonomisk. Store kraftkundar som Nonåsgruvane og De Norske Saltverker på Gatland i Fotlandsvåg gjekk konkurs; det siste var eit kortvarig spekulasjonseventyr i åra 1918-23 som aldri vart røyndom: utdamping av 100 000 tonn koksalt årleg, frå sjøvattn, med elektrisk energi.